

Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen

onsdag 24. februar 2016, kl. 18.00

Det møtte 30 årsmøtedeltakarar røysterett og 2 utan.

Sak 1 Velkomen / opning

Styreleiar Torbjørn Lauen ønskte velkomen.

Sak 2 Konstituering

Torbjørn Lauen gjekk gjennom:

2.1 godkjenning av innkalling

Vart send ut til alle medlemar den 10.02.16

Vedtak: Innkallinga vart samrøystes godkjend.

2.2 godkjenning av saklista

Vart send ut til alle medlemar den 10.02.15.

Vedtak: Saklista vart samrøystes godkjend.

2.3 val av ordstyrarar

Vedtak: Siv Hovland Erstad og Brit Sørland.

Eitt minutt stillheit for heiderlagsmedlem Leif Emil Samdal.

Ordstyrarane overtok og gjekk gjennom:

2.4 val av skriparar

Vedtak: Marit Kvamen og Magne Hagesæter

2.5 val av protokollunderskriparar.

Vedtak: Martin Nessen og Stig Vaular.

2.6 val av teljekorps:

Vedtak: Øystein Rambjørg og Karoline Liland

Ordstyrarar orienterer om forretningsorden.

Sak 3 Årsmelding for 2015

Torbjørn Lauen la fram årsmeldinga.

Desse hadde ordet i saka:

Halvor Røyset og Torbjørn Lauen.

Tilråding frå Rådet den 09.02.16: Rådet tilrår godkjenning av årsmeldinga for 2015.

Vedtak:

Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2015 for laget.

Sak 4 Rekneskap for 2015

Borghild Opdahl la fram rekneskapen for laget.

Eldbjørg Gunnarson la fram revisjonsmeldinga til ettersynsfolka.

Borghild Opdahl la fram balansen.

Frode Myhra la fram rekneskapen for fond- og egedomsstyret.

Tilråding frå Rådet den 09.02.16: Rådet tilrår godkjenning av rekneskapen 2015.

Desse hadde ordet i saka:

Øystein Erstad, Halvor Røyset og Eldbjørg Gunnarson.

Eldbjørg Gunnarson sette fram eit alternativt forslag som vart lagt til grunn for voteringa.

Vedtak:

Godkjenning av rekneskapen vert utsett til planlagt omframramt årsmøte 4.4.16. Før det må F&E-styret og Ervingen Lagsbruk avklara situasjonen mht avsetningar og overføringar til laget. Eit nytt revidert rekneskap må leggjast fram for Rådet og godkjenning før årsmøtet.

Årsmøtet song «Nordmannen» og tok matpause 19.05 til 19.20.

Sak 5 Endring av Føresegner for Bergen ungdomslag Ervingen sitt Reservefondet

Frode Myhra la fram forslaget.

Desse hadde ordet i saka:

Halvor Røyset, Borghild Opdahl, Stig Vaular, Øystein Erstad, Frode Myhra, Torgrim Ljones, Halvor Røyset, Torbjørn Lauen, Stig Vaular, Ole Ekornes, Torgrim Ljones, Halvor Røyset, Frode Myhra, Ole Ekornes, Stig Vaular, Halvor Røyset, Ole Ekornes.

Tilråding frå Rådet den 09.02.16: Rådet tilrår årsmøtet å vedta framlegget til endring av føresegner for Bergen ungdomslag Ervingen sitt reservefond.

Halvor Røyset la fram eige framlegg. Møteleiar sitt framlegg om prøverøysting vart trekt attende av di framlegget til Halvor var heilt nytt for møtelyden.

Saka blir teken opp til votering på omframramt årsmøte 4. april 2016.

Sak 6 Budsjett 2015

Borghild Opdahl la fram budsjettet for laget.

Ho gjorde merksam på feil i budsjettet: Tal for medlemspengar og aktivitetsavgift har byta plass.

Frode Myhra la fram budsjettet for Fond- & eigedomsstyret.

Tilråding frå Rådet den 09.02.16: *Rådet tilrår godkjenning av budsjettet for 2016.*

Desse hadde ordet i saka:

Øystein Rambjørg, Torgrim Ljones, Halvor Røyset.

Vedtak:

Godkjenning av rekneskapen vert utsett til planlagt omframtr årsmøte 4.4.16.

Sak 7 Medlemspengar 2017

Ingen innkomne forslag til endring av medlemspengar.

Sak 8 Fråsegner

Ingen innkomne fråsegner.

Sak 9 Innkomne saker

Ingen innkomne saker.

Torgrim Ljones orienterte om den planlagde oppgraderinga av Kong Oscarsgate som tek til i mai i år.

Sak 10 Val

Gunn Inger Sture la fram saka på vegne av valkomiteen.

Ho lufta tanken om at rundt 50 verv kanskje er litt mykje i eit lag med rundt 200 medlemmar.

Vedtak:

Lagsstyret		
Leiar	Borghild Marie Opdahl	ny, 1 år
Nestleiar	Ida Marie Rognsvåg	ny, 2 år
PR-ansvarleg	Kjersti Johanne Nybø	ikkje på val, 1 år att
Tilskipingsansvarleg	Brita Nilsen	ny, 2 år
Økonomiansvarleg	Gunn Inger Sture	suppleringsval, 1 år
Varamedlem	Lars Fivelstad Smaaberg	ny, 1 år
Varamedlem	Emma Alexandra Lirhus Miro	ny, 1 år
Varamedlem	Irene Bjørke	ny, 1 år


Rådet		
Leiar	Eldbjørg Gunnarson	ny, 1 år
Medlem	Sverre Sundvor	ny, 2 år
Medlem	Ole Ekornes	på val, 2 år
Medlem	Siv Erstad	ny, 2 år
Medlem	Henry Myrdal	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Stig Indrebø	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Ingunn Skjelvan	ikkje på val, 1 år att
Varamedlem	Martin Nessen	ny, 1 år
Varamedlem	Hans Nyeggen	på val, 1 år
Varamedlem	Annbjørg Fadnes Kyrkjebø	ny, 1 år
Fond- og eigedomsstyret		
Leiar	Frode Myhra	på val, 1 år
Medlem	Kjell Gudmund Søholt	ny, 2 år
Medlem	Torgrim Ljones	på val, 2 år
Medlem	Brit Sørland	suppleringsval, 1 år
Medlem	Arnvid Underlid	ikkje på val, 1 år att
Folkedanslaget		
Leiar	Brynjulf Langballe	ny, 1 år
Medlem	Mari Skjerdal Lysne	ny, 2 år
Medlem	Marit Kvamen	på val, 2 år
Medlem	Karoline Liland	suppleringsval, 1 år
Medlem	Renathe Nilsen	ikkje på val, 1 år att
Ungdomsgruppa		
Medlem	Karoline Liland	Attval, 2 år
Medlem	Borghild Marie Opdahl	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Janis Ann Hofmann	ikkje på val, 1 år att
Barnelaget		
Leiar	Borghild Marie Opdahl	ny, 1 år
Medlem	Kjersti Johanne Nybø	suppleringsval, 1 år
Medlem		ny, 2 år

Kor e Tonen		
Medlem	Knut Arne Vedaa	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Hjørdis Maria Longva	attval, 2 år
Medlem	Ömer Faruk Öner	ny, 2 år
Vara		ny, 1 år
Vara		ny, 1 år
Juniorspelemannslaget		
Medlem	Sissel Ingunn Nordstad	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Torbjørn Haukås	på val, 2 år
Medlem	Monika Antun	ikkje på val, 1 år att
Audhilds		
Medlem	Eirin Tjøflot	ny, 2 år
Medlem	Johanne Mjøs	på val, 2 år
Medlem	Solfrid Gjuvsland	ikkje på val, 1 år att
Hyttenemnda		
Medlem	Knut Malkenes	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Berit H. Lappegård	på val, 2 år
Medlem	Hans Nyeggen	ikkje på val, 1 år att
Ettersyn		
	Halvor Røyset	på val, 1 år
	Bente Birkeland	ny, 1 år
Vara	Vegard Opheim	ny, 1 år
Valnemnda		
Leiar	Marianne Pedersen	ny, 1 år
Medlem	Martin Nessen	på val, 1 år
Medlem	Ida Marie Rognsvåg	på val, 1 år
Medlem	Torbjørn Bergwitz Lauen	ny, 1 år
Medlem	Silja Solvang	ny, 1 år
Selsvikklubben vel eigen leiar, Kvedargruppa og Skostredet spõt og slarv vel egne kontaktpersonar.		

**Årsmøtet gjev styret fullmakt til å peika ut nemndsmedlemmer til teaterlaget og Gimlingane etter trong.
Utsendingar til ulike årsmøte og landsmøte: Lagsstyret får fullmakt til å skaffa all representasjon.**

Torbjørn Lauen og Borghild Opdahl takka av årsmøtet og årsmøtet song «Dølavise».

Årsmøtet slutt, klokka 20.20.


Martin Nessen


Stig Vaular